

Budsjett 2008 – Strategi plan og næring

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere følgjande vedtak:

Dei skisserte strategiane vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2008 og økonomiplan 2008-11.

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Hovudutvala er utfordra til å ta strategidrøftingar i mai, og prioriterings- og salderingsdiskusjonar i august. Vil vil i denne saka lufte ein del problemstillingar som hovudutvalet bør ta stilling til. Elles syner vi til fellesomtale av forvaltningsreforma og rolla som regional utviklingsaktør.

2. BAKGRUNN

2.1 Oppdrag 1 – mai-møtet

Hovudutvala er bedne om å ta strategidiskusjonar i mai som m.a. gjev svar på følgjande:

1. Korleis sektoren gjennom budsjettet/økonomiplanen vil gjennomføre strategiane og måla i fylkesplanen sin handlingsplan, herunder synleggjere samanhengjen mellom tilpassingar på drifts- og utviklingsdelen.
2. a) Skal det gjerast eventuelle justeringar i det sektorvise målekartet
 - Kritiske suksessfaktorar - dekkande?
 - Måleindikatorar - måler vi dei rette tinga?b) Kva ambisjonsnivå skal setjast på dei ulike indikatorane?
3. Prioriterte strategiar avstemt mot andre overordna planar (både nasjonale, regionale og lokale).

2.2 Oppdrag II – august-møtet

Hovudutvala vert i august-møta utfordra til å ta prioriterings- og salderingsdiskusjonar som gjev svar på følgjande:

4. Vise korleis sektoren bør tilpasse seg tildelt ramme og eventuelt vise korleis ein vil vri aktiviteten innafor sektoren dvs ta ned aktivitet på eitt område for å styrke eit anna.
5. Gitt prioriteringane i pkt 3 og 4 – kva område/tiltak bør prioriterast om:
 - a. sektoren får auka rammer
 - b. sektoren får reduksjon i rammene
6. Eventuelt innspel til nye investeringsprosjekt/justeringar i investeringsprogrammet.

Hovudutvala sine innspel skal i det vidare budsjettarbeidet danne grunnlaget for finansutvalet sine prioriteringsdebattar.

3. FELLESONMTALE

3.1 Forvaltningsreforma

Forvaltningsreforma har som mål å sikre eit forsterka folkestyre og demokrati på lokalt og regionalt nivå gjennom desentralisering av makt og mynde og med klår ansvarsdeling mellom

nivåa. Andre mål er samordna og effektiv offentlig forvaltning og at verdiskapinga og sysselsettinga skal basere seg på lokale fortrinn og føresetnader.

Kommunal- og regionaldepartementet la i desember 2006 fram St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid*. Der vert oppgåvene til dei nye regionane presentert. Tre alternative modellar for inndeling av nye regionar vert skissert, samt kriterium som bør ligge til grunn for vurdering av nye regionar.

Reforma skal setjast i verk frå 1.1.2010. Regjeringa legg fram eit forslag til regional inndeling for Stortinget våren 2008. Stortinget har handsama oppgåvespørsmåla no i mai 2007.

Utan omsyn til korleis den geografiske inndelinga vil verte, vil det få konsekvensar for den fylkeskommunale organisasjonen. Ein må sjå føre seg at dette vil få fokus i løpet av budsjettåret 2008 og det må vurderast om førebuingane av reforma vil krevje auka innsats og ressurstildeling for vidare arbeid med spørsmålet.

3.2 Regional utviklingsaktør

Fylkeskommunen har fleire ulike oppgåver:

1. Forvaltning av lover, forskrifter og støtte- og tilskotsordningar,
2. Produksjonen av velferdstenester, og
3. Plan – og utviklingsarbeid.

I høve arbeidet med plan og utvikling har sentrale styresmakter gjeve fylkeskommunane ei sentral rolle som pådrivar og initiativtakar for å møte utfordringar som er knytte til den regionale utviklinga. Fylkeskommunen har eit viktig ansvar for regional utvikling gjennom fylkesplanlegging, tenesteproduksjon, forvaltning av distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar og internasjonalt samarbeid.

Det er føremålstenleg å skilje mellom plan – og utviklingsarbeidet i høve eiga verksemd og samfunnsplanlegginga. Samfunnsrolla eller rolla som regional utviklingsaktør inneber mellom anna å etablere møteplassar, leie regionale partnerskapar, setje dagsorden og identifisere problemstillingar som er knytte til regional utvikling i eige område, inngå i nettverk og ha dialog med aktørar og brukargrupper.

For eigen del har vi definert utviklingsaktørrolla som ein stad å utvikle politikk for fylket gjennom å:

- *Ta fylket på pulsen* – ved å kjenne utfordringane i fylket og innbyggjarane sine behov.
- *Hevde fylket sine interesser* – ved at fylkeskommunen målber fylket sine interesser lokalt, nasjonalt og internasjonalt, og representerer ei motkraft og eit korrektiv til sentrale styremakter.
- *Initiere og delta i partnerskap* – ved at fylkeskommunen har ei leiande rolle i den regionale partnerskapen.
- *Kunnskapsutviklar* – *relevant kunnskap for samfunnsutviklarrolla* - Fylkeskommunen fungerer som ein nødvendig kompetansebase for - og utviklar av - relevant kunnskap for samfunnsutvikling i fylket.

Det er fylkesplanen som er hovudarenaen for å definere kva arenaer, roller tema og satsingar vi skal ha i fylket.

Det er tette koplingar mellom arbeidet med samfunnsutvikling og rolla som følgjer av drifts- og forvaltningsansvaret i høve dei ulike tenestene i fylkeskommunen. Fylkeskommunen har difor ei rekke arenaer og verkemiddel der ein også kan utøve utviklarrolla:

- *Tenesteytar* - Fylkeskommunen er ansvarleg for den vidaregåande opplæringa, tannhelsetenesta, næringsutvikling, samferdsle, kulturområdet og rettleiing innan kommunal planverksemd. Det er viktig i utviklinga av desse tenestene at ein tek omsyn til, eller aktivt nyttar seg av desse, i høve rolla som regional utviklingsaktør. Fylkeskommunen må gjere viktige avvegingar, då det ikkje alltid vil vere samsvar mellom intern og ekstern effektivitet.
- *Personalressurs* - Fylkeskommunen nyttar store stillingsressursar i utøvinga av rolla som regional utviklingsaktør. Tilsette vert nytta som rådgjevarar innanfor tenesteutvikling, forvaltning, rettleiing og næringsutvikling.
- *Finansielt grunnlag for utviklingsarbeid* - Fylkeskommunen disponerer løyvingar som kjem over statsbudsjettet, midlar frå fylkesplanfondet og eige driftsbudsjett i utviklingsarbeidet.
- *Forvaltningsressurs* - Fylkeskommunen gjennomfører ein regional politikk innanfor rammene av nasjonale føringar. Fylkeskommunen finn, og nyttar, det regionale handlingsrommet som er det for å tilføre desse fagområda regional meirverdi.

4. KORLEIS GJENNOMFØRE STRATEGIANE OG MÅLA I FYLKESPLANEN SIN HANDLINGSDEL

4.1 Kort om fylkesplanen

Fylkesplanen står sentralt i samband med utforming og gjennomføring av det regionale utviklingsarbeidet. Fylkesplanen skal vere utgangspunktet for overordna politikk på dei område planen dekkjer. Den gjev strategiar for korleis den regionale partnerskapen skal delta i utviklinga av fylket - og den skal gje mål og retningslinjer for drifta og investeringane i kommunane/fylkeskommunen. Den regionale partnerskapen har stått sentralt i arbeidet med å utforme fylkesplanen, både i arbeidet med mål- og strategidelen og gjennom sju fylkesplangrupper som konkretiserte måla og strategiane for sine område. Rapportane frå desse sju fylkesplangruppene utgjer fylkesplanen sin handlingsdel, jf vedtak i FU-sak 97/05. Vi syner elles til rapportane frå dei sju fylkesplan-gruppene. Fylkesplanen sin handlingsdel vert rullert som ein del av det årlege arbeidet med budsjett- og økonomiplan, noko som sikrar samsvar mellom planar og økonomiske ramar. Budsjett-dokumentet for 2008 vil følgeleg femne om dei viktigaste oppfølgjingsiltaka i samband med fylkesplanen.

4.2 Kort om oppfølging av fylkesplanen

Fylkeskommunen har som leiar av den regionale partnerskapen eit totalansvar for oppfølginga av fylkesplanen. Delar av oppfølginga blir gjort av Innovasjon Norge, gjennom ein felles RUP, gjennom samarbeid med regionråda om utarbeiding av regionvise utviklingsplanar, gjennom kommunikasjon med kommunane om bruken av kommunale næringsfond og i samarbeid kring bruken av DAA-midlane.

Det som ikkje blir dekkja her, har fylkeskommunen eit eige ansvar for å følgje opp anten som leiar av den regionale partnerskapen eller som utøvar av drifts- og utviklingsoppgåver.

For fylkeskommunen sitt direkte arbeid er det lagt opp til at budsjettprosessen skal styre fordelinga av midlar mellom dei ulike arenaene. Kort kan nemnast at vi legg til grunn desse rollene i utviklingsarbeidet:

Innovasjon Norge

Fylkeskommunen bestiller tenester og etablerer ein styringsdialog. IN er utøvar av det tyngste verkemiddelet for næringsutvikling, den bedriftsretta satsinga med lån og tilskot. Fylkeskommunen syter for kopling mellom sentrale føringar og lokale mål (m.a. fylkesplanen).

Felles RUP

Fylkeskommunen er likeverdig partner i eit utviklingsarbeid som kan løysast i eit breitt fylkespartnerskap. Det er etablert fem programstyre, som vi vil omtale nærare.

Regionvise utviklings-program

Regionane utarbeider eigne regionvise planar basert på føringane i fylkesplanen.

Kommunale næringsfond

Kommunane vert tilført midlar til kommunale næringsfond. Fylkeskommunen skal sikre samhandling mellom kommunane, Innovasjon Norge og fylkeskommunen sjølv – og syte for at det vert skjela til fylkesplanen sine strategiar.

DAA-midlane

Kompensasjonsmidlane for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift vert styrt av eit eige styre, hovudsakleg samansett av folk frå næringslivet. Det er ei ny ordning kring dette frå 2007, men også her er det eit mål at føringane frå fylkesplanen vert lagt til grunn.

Fylkeskommunen sitt eige utviklingsarbeid

For fylkeskommunen sitt eige utviklingsarbeid er det som nemnt lagt opp til at årsbudsjettet er den sentrale arenaen for oppfølging. Som utøvar av drifts- og utviklingsoppgåver skal fylkeskommunen utvikle eigne tiltak i høve fylkesplanen og vurdere desse i høve innspel utanfrå. Budsjettprosessen skal nyttast for å prioritere tiltak og fordele midlar til utviklings- og driftstiltak.

4.3 Litt om felles regionalt utviklingsprogram (RUP) - samarbeid og koordinering av regionalt utviklingsarbeid gjennom fem program

Den regionale partnerskapen står også sentralt i iverksetjinga av fylkesplanen, ikkje minst for å sikre samordning og koordinering dei ulike aktørane seg imellom. Det vart våren 2006 etablert fem programstyre, som har ansvar for kvar sine tema innan det felles regionale utviklingsprogrammet/RUP (i tråd med vedtak i FU-sak 122/05). Vi nemner her dei fem programma med eigne styre:

- opplevingsnæringar
- fiskeri og havbruk
- entreprenørskap og nyskaping
- folkehelse og livsutfalding
- fornying av offentleg sektor og IKT

I programstyra finn vi m.a. folk frå næringslivet, Innovasjon Norge, fylkesmannen, regionråda/kommunane, Høgskulen i Sogn og Fjordane, vidaregåande skule, Fiskeridirektoratet og fylkeskommunen (både politisk og administrativt).

M.a. på grunnlag av føringane frå fylkesplanen sin handlingsdel utarbeider dei fem programstyra eigne handlingsplanar. Desse vert handsama av hovudutval for plan og næring, og programstyra får då stilt fylkeskommunale midlar til rådvelde. For 2007 vart dei fem programstyra tildelt samla 12 mill kr frå HPN. Programstyra er ansvarlege for gjennomføring av handlingsplanane, innanfor dei føringar som er gjevne – og innanfor dei midlar som er stilt til rådvelde. Det vert elles synt til dei fem program-styra sine handlingsplanar for 2007.

Dei fem programstyra vert no inviterte til å kome med førebele handlingsplanar for 2008, som m.a. syner hovudsatsingsområde og ressursbehov. Dette som eit grunnlag m.a. i samband med fylkeskommunen sitt budsjettarbeid. Fylkesplanen sin handlingsdel vert så rullert gjennom budsjettarbeidet, og programstyra utarbeider då endelege handlingsplanar for 2008 m.a. basert på føringane i det budsjettdokumentet som FT vedtek i desember. Rulleringa av handlingsdelen kjem vi tilbake til seinare i budsjettprosessen, og likeeins programstyra sine førebelse handlingsplanar for 2008.

4.4 Kort om oppfølging av fylkesplanen sin handlingsdel – innan dei ulike satsingsområda som vedkjem plan og næring

Industri

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge/IN som operatør for dei bedriftsretta virkemidla, og store deler av denne innsatsen rettar seg inn mot oppfølging av handlingsplanen innan området industri.

Fylkesplanen sin handlingsdel dreg m.a. fram følgjande tiltak som bør ha fokus:

- stimulere til leiarutvikling
- stimulere til satsing på design
- stimulere til auka eksport
- utvikle bedriftsnettverk
- ei rekkje FoU-tiltak, m.a. nettverksbygging, informasjon og formidling av relevant kompetanse
- FoU-midlar til utvikling av anortositt og rutilressursar
- kopling mellom mineralressursar og naturgass ved utvikling av prosessindustri
- leggje til rette for eksport av knust stein (pukk) og naturstein

I 2008 bør ein prioritere oppfølging av igongsett arbeid, ikkje minst det langsiktige olje/gass-arbeidet (m.a. i regi av Petroleumsrådet). Vidare bør ein gje høg prioritet til fylkesplangruppa for industri/handlingsplanen sine tiltak innan design, leiarutvikling og eksport.

Fylkeskommunen vil også i det vidare engasjere seg tungt i arbeidet med å leggje til rette for Elkem Solar si framtidige etalering i Svelgen. Det vart i 2006 utarbeidd ein eigen tiltakspakke i samarbeid med m.a. Bremanger kommune og næringslivet. Fylkeskommunen og samarbeidspartnere er no i ferd med å utarbeide ein ny tiltakspakke.

Vi vil elles framheve Innovasjonsforum Sogn og Fjordane som er oppretta for å fremje innovasjonsaktivitet i næringslivet. Forumet skal både følgje opp framlegg om betre tilgang til risikokapital og framlegga kring forskning og utvikling.

Småskala næringer og lokalsamfunn. Bruk og vern

Vi nemner følgjande viktige initiativ, henta frå fylkesplanen sin handlingsdel:

- arbeidet med nisjeproduksjon av mat (matoppleving)
- arbeidsgruppa innan fiskeri og havbruk sitt initiativ innan kystfiske og reiseliv
- arbeidsgruppa innan tenester / nye næringer sitt initiativ om tilrettelegging for kulturentreprenøren / framlegg om ei satsing på "aktivitetsturisme"
- framlegg om regionale natur- og kulturparker (innspel frå småskala næringer / lokalsamfunn / "bruk og vern")

Sentralt innan dette satsingsområdet står ei balansert utvikling mellom bruk og vern. Vi vil særleg dra fram arbeidet som føregår i Aurland, og Fjellregionsamarbeidet.

Havbruk og fiske

Fylkesplanen sin handlingsdel omhandlar utviklingstiltak og tilretteleggande arbeid innan havbruks- og fiskerinæringa. Hovudmålsetjinga er å auke verdiskapinga innan dei marine næringane i fylket.

Iverksetting av tiltak i handlingsdelen er retta mot desse 5 hovudsatsingane :

- styrkje lokalsamfunna og dei eksisterande næringane
- forskings- og utviklingsarbeid i Sogn og Fjordane
- planarbeid og arealbruk
- det marine miljøet og marine ressursar i Sogn og Fjordane
- rekruttering til fiske- og havbrukssektoren

Vestlandsrådet sitt program for nye marine oppdrettsartar vert høgt prioritert i det vidare arbeidet. Tilgang til eigna til oppdrettsareal er ei av akvakulturnæringa sine største utfordringar, og arbeid kring dette vil også ha stor merksemd.

Tenesteyting og nye næringer

Fylkesplanen sin handlingsdel gjev m.a. slike føringar i høve bedriftsretta verkemiddel:

- halde oppe nivået på etablerarstøtte
- fellestiltak retta mot etablerarar
- gründer-coach for nyetablerte
- stimulere til kommersiell utnytting av IT-miljøet i Sogn og Fjordane
- stimulere til kulturentreprenørskap

Innan reiseliv bør oppdraget til destinasjonsselskapa avklarast betre og spissast, i samband med etablering av fleirårige avtaler. Fylkeskommunen bør også oppdatere sine strategiar innan den langsiktige reiselivssatsinga. Det må takast stilling til kor omfemnande dette arbeidet skal vere.

Folkehelse og livsutfalding

Fylkesplanen sin handlingsdel fokuserer m.a. på varig infrastruktur for folkehelse i partnerskap med kommunane, auka fysisk aktivitet, sunt kosthald, reduksjon i skader/ulukker, betring av psyko-sosialt miljø for barn og unge, reduksjon av bruk av tobakk og rusmidlar, inkluderande og universelt utforma samfunn, og levande lokalsamfunn. Partnerskapet for folkehelse utviklar seg som ønska, og femnar no om 19 kommunar. Dette viktige arbeidet kring folkehelse vert vidareført.

Ungdom

Fylkesplanen sin handlingsdel summerer opp tiltak innan fire kategoriar; ungdom og medverknad, kultur og fritid, arbeid og entreprenørskap og utdanning og internasjonalisering.

Vil vil i denne samanhengen framheve satsinga på entreprenørskap i skulen. Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, stiftinga Ungt entreprenørskap Sogn og Fjordane og fylkeskommunen har ei fellessatsing på entreprenørskap i grunnskule og vidaregåande opplæring. Denne satsinga har fire hovudområde: utvikling av ungdomsbedrifter, utarbeiding av partnerskapsavtalar med lokalt arbeids- og næringsliv, internasjonalisering samt kompetanseutvikling innanfor entreprenørskap for tilsette i vidaregåande opplæring. Arbeidet innan entreprenørskap vil framleis ha høg prioritet.

5. SEKTORVISE MÅLEKART

Vi har no gått gjennom det sektorvise målekartet for plan og næring, basert på erfaringane frå første gangs bruk. Målekartet er tilfredsstillande, og vi treng ikkje endre dette enno. Dei kritiske suksessfaktorane er dekkande. Vi kunne for så vidt tenke oss fleire og meir komplekse måleindikatorar. På den andre sida er det viktig å ha eit system som er handterbart, og vi vil uansett ikkje kunne etablere eit system som gjev fullgod informasjon innan eit så vidt område som plan og næring.

6. PRIORITERTE STRATEGIAR – TIL DRØFTING

6.1 Innleiande om prioriterte strategiar

Vi presenterer her ein del problemstillingar og strategiar som hovudutval for plan og næring bør ta stilling til, og gje føringar for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

6.2 Fokus på oppfølging av fylkesplanen

Iverksetjing av fylkesplanen står sentralt i fylkeskommunen sitt utviklingsarbeid, og her er m.a. dei fem programma med egne programstyre sentrale. Det er følgjeleg viktig å sikre ressursar til gjennomføring av dette arbeidet. Utarbeiding av programplanar og budsjett for 2008 er samordna med fylkeskommunen sin budsjettprosess, slik at programstyra får sine budsjett tidleg i 2008. Programstyra vil i første omgang levere bidrag som syner hovudprioriteringane og behovet for midlar i 2008. Dette m.a. som grunnlag for hovudutvalet sine vurderingar i august-møtet.

Av satsingsområde som fell utanfor dei fem programstyra sitt område vil vi spesielt nemne framlegga frå den tidlegare fylkesplangruppa for industri (jf tidlegare omtale under satsingsområde industri). Det er for 2007 sett av midlar til m.a. satsing innan leiarutvikling,

Expo Sogn og Fjordane, mineralressursar og design-satsing. Vi ser føre oss at store deler av denne satsinga vert vidareført.

Deler av utfordringane frå dei tidlegare fylkesplangruppene vert elles iverksette gjennom Innovasjonsforum Sogn og Fjordane. Det nasjonale forskingsrådsprogrammet VRI er lansert, med fylkeskommunen som sentral koordinator og medfinansior. Elles må det nemnast at så og seie alle utviklingstiltaka i regi av plan og næring inngår i iverksetjing av fylkesplanen, i større eller mindre grad.

6.3 Balansen mellom tilretteleggande tiltak og bedriftsretta satsing

Vi må finne ein god balanse mellom den tilretteleggande aktiviteten, og dei bedriftsretta tiltaka gjennom Innovasjon Norge/IN (lån, tilskot og etablerarstøtte).

Næringslivet i fylket går godt for tida, og det er høg aktivitet. Det bør takast stilling til kor vidt ein bør vri innsatsen litt frå bedriftsretta satsing mot tilretteleggande langsiktig satsing i tider der næringslivet går så godt. Hovudutvalet bør gjerne ta ein strategidiskusjon på dette.

Elles bør bestillinga til IN verte endå meir presis, der ein m.a. avklarar betre arbeidsdelinga mellom tilretteleggande og bedriftsretta innsats. Tilretteleggande arbeid bør i så fall inngå i bestillinga til IN, t.d. Expo Sogn og Fjordane og leiarutviklingsprogram. Balansen mellom lån og tilskot bør drøftast med IN.

6.4 Armslag for å handle

I tillegg til den langsiktige satsinga bør fylkeskommunen også ha armslag for å handle kjapt når høvet måtte by seg. Tiltakspakken for vidare utvikling av Fundo Wheels er eit døme på dette. I denne samanhengen må vi også nemne tiltakspakken for å påvirke Elkem Solar si satsing i Svelgen.

6.5 Omstillingsarbeidet i Sogn og Fjordane – framtidig nivå

Fylkeskommunen sitt engasjement innan kommunane sitt omstillingsarbeid har lege på om lag 7 mill kr dei to siste åra. KRD har imidlertid lagt merke til at det går litt lettare i fylket, og skjønstilskotet til omstilling gjennom statsbudsjettet vart redusert til 4 mill kr for 2007.

Dei gode tidene for næringslivet skulle i utgangspunktet tilseie mindre behov for omstillingsmidlar. På den andre sida ser vi at fleire av omstillingskommunane framleis har betydelege omstillingsutfordringar, og at fylkeskommunen har forsterka engasjementet sitt i Vågsøy og Selje. Fylkeskommunen sitt vidare engasjement vil elles verte påverka av løyvinga over statsbudsjettet, dvs storleiken på dei regionale utviklingsmidlane frå KRD.

Hovudutvalet bør ta stilling til om vi kan redusere innsatsen innan omstillingsarbeidet noko, og heller legge ein del av midlane i det vanlege utviklingsarbeidet – som kjem fleire kommunar til gode.

6.6 Tilretteleggande tiltak – nokre utvalde område

Legge til rette for ungdom som vil etablere seg i fylket

Fallande folketal og vanskar med å halde på/få tilbake/rekruttere ungdom tilseier at Sogn og Fjordane må nytte vesentleg innsats på å gjere fylket attraktivt nok for ungdom. Frå fleire hald vert det peika på at interessante jobbar trekkjer folk, og arbeidet med å skape kompetansesarbeids-plassar og andre gode og interessante jobbar er følgjeleg ein viktig del av dette arbeidet. I denne samanhengen vil vi elles framheve satsinga på entreprenørskap i skulen. Dette er eit langsiktig arbeid som skal motivere fleire til å skape si eiga verksemd.

Kommunale næringsfond

Påfylling av kommunale næringsfond ligg på 8,3 mill kr for 2007. Det er forventningar om vidareføring av denne innsatsen.

Næringshagar

I løpet av året får vi avklart fylkeskommunen sitt engasjement innan næringshagane, med tanke på dei næringshagane som har gått ut av dei første 5-årige avtalene.

Reiseliv – og småskala næringsutvikling

Det vert arbeidd med å få til fleirårige avtaler med destinasjonsselskapa, som m.a. skal sikre ein betre planleggingshorisont. Det vart lagt til grunn ein ressursbruk om lag på dagens nivå.

Ei satsing på reiseliv inkludert program for utvikling av opplevingsnæringar må stå i fokus. Arbeidet med "bruk og vern" kjem inn under ei slik satsing. Fylkeskommunen må følgje opp regjeringa si satsing innan småsamfunnsatsinga ved å stille opp med kunnskap og økonomiske verkemiddel. Satsinga i Aurland på regionpark-tenkinga er spesielt interessann. Vidare kan dette arbeidet koplast nasjonalt og internasjonalt til fjellregionsamarbeidet / medlemskap i Euromontana.

Tettstadutvikling

Dette er ei viktig satsing som har løyst ut mange gode tiltak i kommunane. Å gjere lokalsamfunna meir attraktive og trivelege er også eit viktig tiltak i samband med at vi ynskjer at fleire unge skal busetje seg i fylket. Det er for 2007 sett av 3 mill kr, og vi ser føre oss ei vidareføring av denne innsatsen.

6.7 Avklare innsatsen innan FOU

Fylkeskommunen er i ferd med å ta på seg eit omfemnande engasjement innan VRI, og er også i ferd med å spleise på Forskningsrådet si stilling i fylket. Vi vil elles nemne arbeidet med samarbeidsavtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning, og Forskningscenteret for geoturisme og bærekraftig reiseliv i Sogndal.

Fylkeskommunane er tiltenkt ei framtidig rolle ved å disponere regionale forskingsfond. I dette biletet er det viktig både å bygge opp eigen kompetanse og å utvikle ein regional forskingsagenda. Dette vert teke vidare i gjennom samarbeid med forskingsrådet (både gjennom eige samarbeidsprosjekt og gjennom VRI-programmet).

6.8 Vestlandsprogrammet for nye artar i oppdrett

Oppfølging av Vestlandsprogrammet for nye artar i oppdrett vil fordre vesentleg ressursinnsats, jf tidlegare omtale.

6.9 Konsentrere innsatsen om større satsingar

Det bør avklarast om fylkeskommunen bør konsentrere innsatsen om større satsingar, m.a. for å sikre kraft bak dei tiltaka som er aller viktigast. Dagens innsats ber preg av at vi vil mykje på litt for mange område, og at fylkeskommunen yter hjelp innan eit breidt spekter av tiltak og prosjekt. Konsekvensen kan i så fall vere at ein må seie nei til å støtte fleire av dei omsøkte tiltaka.

Det kan i så fall vere aktuelt å og stramme opp bestillinga til destinasjonsselskapa, evt IN og evt fleire av programstyra.

6.10 Fornybar energi

Det skal utarbeidast fylkesdelplanar innan småkraft og vindkraft. Elles må fylkeskommunen avklare innsatsen sin innan bioenergi.

6.11 Behov for oppdatering av strategiplanar?

Fylkesplanen sin handlingsdel dekkjer deler av fylkeskommunen sin innsats innan næringsutvikling. Det kan imidlertid vere trong for ei samla oppdatering av dei viktigaste strategiane og tiltaka gjennom ein strategiplan for næring, evt avgrensa til reiseliv. Behovet for ei oppdatering av strategiplanar bør avklarast.

7. OPPSUMMERING/KONKLUSJON

Hovudutvalet vert gjennom denne saka inviterte til å ta strategidrøftingar, og vi vonar på tilbakemeldingar som han vere eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.